



Johannes Haugstad

Steinar Gulaker, daglig leder

Samarbeidspartner:

## HAUGSTAD MØBEL SKAL SEKSDOBLE PRODUKSJONEN I NYTT BYGG

**Eg blei godt mottaken i eit flott kontorbygg med innbydande og spennande innredning i Skulehagen på Vigrestad. Inngangsparti og kantine var eit flott utstillingslokale for produkt firmaet leverer. Innslag av oransje logofarge i detaljar og nokre av borda i kantina, gjorde innreiinga spenstig og flott. Oppe i 2. etasje var det eit lite utvalg av både skap, bord, flott kjøkken og sitjegruppe.**

Så var tida inne for å møta dagleg leder **Steinar Gulaker**. Han hadde vore særst oppteken denne

veka etter konferanse i Bergen i to dagar. Der var han ein av foredragshaldarane. Smart produksjon 2019 tok for seg automatisering og digitalisering av industriarbeidsplasser. Vestlandet står midt i ei industriell fornying som krev innovasjon.

Gulaker kjem frå Stjørdal, og starta i Haugstad Møbel november 2015. Han flytta til Jæren hausten 2001, og var salgs- og markedsansvarleg for Norges Vinduet. Han var ansett i Hovland Trevare til 2008, då han fekk agentur for Norges Vinduet.

Steinar Gulaker er ein engasjert og dynamisk sjef. Han kunne fortelja at firmaet nå har 24 årsverk. 19 ansette i produksjonen og 5 i administrasjonen. Dei får ei omsetning på over 40 millionar kroner dette året. Nettopp har dei levert innredning til 650 arbeidsplasser i SR bank sitt nybygg Finansparken i Bjergsted. Dei leverer alle sjukehusnattbord gjennom ein landsdekkande avtale med Invacare, eit internasjonalt konsern.



Når det gjeld innredning for tannleger, har firmaet avtale med Plandent AS som tek seg av innkjøp, salg og distribusjon. Dei leverte og innredninga til Hå sjukeheim.

Når det gjeld framtid, så er det skrive kontrakt med Jærentreprenør om bygging av nytt, stort produksjonslokale på 3500 m<sup>2</sup>. Når bygget står ferdig i 2021, reknar Gulaker med å seksdoble produksjonen. Dette skal skje uten fleire tilsette i produksjonen, men ved bruk av ny teknologid, nye maskinlinjer og nye løysingar. Haugstad Møbel er med i to forskningsprosjekt, eit med ramme på 9 millionar kroner og eit 26 millionar kroner. Dette prosjektet heiter Smartfab "Smart og bærekraftig SMB fabrikk" Det er teknologi frå dette prosjektet som skal nyttast i produksjonen når nytt bygg vert teke i bruk. Prosjektet går over 3 år. Ekspertar frå Jærtek er alt på plass og jobbar med løysingar og ny software. Ein professor skal og ha tilhald på Vigrestad i ca 2 år. Når Steinar Gulaker snakkar om dataløysingar, datastyrt produksjon, produksjonslinjer og avansert teknologi, er det så ein lekman mest koplar ut. Dette er svært spennande og inspirerande, og er ei enorm satsing! Og han fortel at ingen av dei tilsette skal mista jobben i denne atomatiseringsprosessen og enorme auken i produksjon.

Han fortel at dei fram i tid kan vera konkurransedyktige på kjøkkenleveranser til entreprenørar. Tenk at alle store kjøkkenleverandørar nå får skrog som er produserte på ein kjempefabrikk i Polen! Dette er ikkje mykje bærekraftig i desse miljøtider, med den lange transporten. Nå vil dei vera med i konkurransen på Vigrestad, med ny datastyrt produksjon.

Eg måtte og ha ein drøs med **Johannes Haugstad**, som er 2. generasjon i firmaet. Far hans Johan starta Haugstad Trevarefabrikk i 1946. Faren var først dreng, før han begynte i møbelproduksjon, først hos Årslund Møbel og sidan hos Hetlandl. Han jobba lange dagar, og starta tanken om å begynne for seg sjølv. Maskinar fekk han sjølv bygt i smia til Ole Skårland på Brusand, før han starta opp. I starten hadde han ein tilsett.

Johannes starta så smått i fabrikk i 1967, og overtok då kontoret. Dei var då 10-11 ansette. I 1980 omsette dei for 4,2 millionar kroner. 2,2 millionar av dette kom frå eit prosjekt med levering av sybord og skap til Saudi-Arabia, for kvinner som skulle lære seg å sy. Dette var eit prosjekt for FN/Unesco, og det kom folk frå Geneve for å sjå korleis bord og skap blei pakka og sende.

Johannes er pensjonist. To av barna hans er i styret i Haugstad Møbel AS Han sit sjølv nå bare som styreleder i Haugstad Eiendom. Me måtte og mimra om at Jærentreprenør i 1986 hadde entrepriser på eit bygg på ca 500 m<sup>2</sup>. I 1998 blei nok eit nytt bygg på 500 m<sup>2</sup> overlevert. Eg måtte fortelja at eg ennå har teak skrivepult og kommode som er produsert hos Haugstad Trevare. Firmaet feira 70 års jubileum i 2016, men så gamle er nok ikkje mine møbler.

Me ønsker Haugstad Møbel lukke til med framtida, nytt bygg og ny teknologi. Håper vegen mot datastyring, nye maskiner, nye produksjonslinjer og enorm auke i produksjonen vert både spennande og utfordrande. Framtida er i dei beste hender!